

0038

0037

RA.J.nr. 185/1947.

Arkivering av straffesaker. (Frå statsarkivaren i Bergen 17/2-47.)

./.
Går med vedlegg attende til Justisdepartementet, 3. Politikon-
tor.

Riksarkivaren har ikkje før hatt kjennskap til brevet frå Justisdepartementet til riksadvokaten 6. september 1939 og rundskrivet frå riksadvokaten til statsadvokaten 7. s. m., og held det ikkje for tilrådeleg at embetsmenn skal ha høve til å kassera arkivsaker etter eige skjøn. Ein vil difor be departementet om å senda ut eit rundskriv om at dei nemnde breva ikkje lenger står ved makt.

Samstundes vil ein be departementet om å minna politi-
meistrane om rundskriv frå departementet 26. mars 1940 (j.nr.
1949/40 P) om innsending av politiarkiv eldre enn 1/1 1915
til statsarkiva i Trondheim og Bergen. Dei to statsarkiva har
no komi i orden etter evakueringa og kan på nytt ta imot avleve-
ringar frå embetsarkiva.

Riksarkivaren er samd i det som er sagt av statsadvokaten
i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og av statsarkivaren i Bergen
om arkivsaker frå okkupasjonstida.

Riksarkivet, Oslo, 21. februar 1947.

A. St.

f. 2